



Kontakt oss på Tlf.

**Kontoret:
52811756**

**Rektor:
52811755**

**Undervisnings-
inspektør
52811757**

SFO:

Mob: 941 53 102

**E - post:
adland@karmoy.kommune.no**

**Du finn oss elles :
Søre Ådlandsv. 9
4270 Åkrehamn**



Vel møtt til skoleåret 2020- 2021

Hjarteleg velkommen til Ådland skole skoleåret 2020/2021. Ein særskild velkomst til 19 forventningsfulle elevar og deira foreldre i 1.klasse. Dette året er vi 125 elevar fordelt på 7 klassar.

Til hausten blir det spanande å ta fatt på Fagfornyinga. Her får vi mange nye digitale læreverk. Elevane fekk nye Ipader sist skoleår, og vi fekk nye elektroniske tavler. Sjå på udir.no « Fagfornyelsen

Arbeidet for eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø fritt for mobbing og krenkande åtferd, har sterkt fokus hos oss.

Vi ynskjer at elevane våre skal trivast og gle seg til kvar dag. Diverre er det slik at vi menneskje tar nokre val som ikkje alltid like gode og som nokre rundt oss vil oppleve som vonde og krenkande. Saman må vi arbeide for å oppdra våre elevar til å bli menneskje som ynskjer andre godt. Det handlar om måten vi snakkar om og til ein annan på. Det handlar om å gle seg over at andre også har det bra. Vi vil ha mange vaksne ute i skoleåret 2020-2021. Vi vil sjå og fylgje med. Vi held og fram med elevsamtalar og Spekterundersøkingar. Trivselsprogrammet held fram og våre trivselsleiarar arrangerer leik og aktivitetar i nokre av friminutta.

»
Vi held fram med arbeidet vårt som "Grøn skole" og fekk ein svært god respons på søknaden om Grønt Flagg, for det 14. året på rad. Dermed kan vi halda fram med å heise det grønne flagget i 2020-2021. Vi lærer mykje om naturen, vil sjå glede i den og vil ta vare på miljøet slik at mange kan oppleve dette framover.

Vi på Ådland skole ser fram til å ta fatt på det nye skoleåret med mykje lærdom, kunnskap, meistring og glede.

Lukke til med eit nytt og lærerikt skoleår !

Vennleg helsing

**Marianne Fagerland
Rektor**

**Inger-Johanne Størksen
Inspektør**



SKOLERUTEN 2020-2021



KARMØY KOMMUNE
Oppvekst og kulturretaten

Kommunen som vil at du skal lykkes!

Skolerute 2020 – 2021 for grunnskolen i Karmøy kommune


Måned	Merknad
August	Skolestart mandag 17. august
September	Planleggingsdag mandag 21. september (elevfri)
Oktober	Høstferie uke 41: 5 - 9. oktober
November	Planleggingsdag fredag 13. november (elevfri)
Desember	Siste skoledag før jul fredag 18. desember
Januar	Skolestart mandag 4. januar Planleggingsdag mandag 25. januar (elevfri)
Februar	
Mars	Vinterferie uke 9: 1. - 5. mars Påskeferie mandag 29. mars til og med onsdag 31. mars
April	Påskeferie fra 1. april til og med 5. april.
Mai	Fri 13. mai (Kr. Himmelfartsdag), fri fredag 14. mai, fri mandag 17. mai og 2. pinsedag mandag 24. mai
Juni	Siste skoledag før sommerferien er onsdag 23. juni

190 skoledager i skoleåret 2020 - 2021



Rådhuset, 4250 KOPERVIK • Telefon: 52 85 75 00 • e-post: post@karmoy.kommune.no

Det er mogleg at vi legg inn ein dag til avspasering for elevane, dersom det blir to kveldsarrangement, slik vi plar gjere. Vi tek avgjer om dette når vi veit meir om smitterestriksjonar.



PEDAGOGISK PERSONALE 2020 - 2021

Kontaktlærarar:

- 1.kl. Alice Hemnes
- 2.kl. Oddny Merethe Vea
- 3.kl. Reidun Annette Nilsen
- 4.kl. Synnøve Andersen
- 5.kl. Annette L Eliassen
- 6.kl. Kjartan Nornes
- 7.kl. Ole Jakob Vorraa

Oda Marie Dalland Olsen
Anne Marthe Hagen
Nina Karlsen
Mary S. Kvilhaug
Britt Kari Kolbeinsen
Edvar Ånensen

Administrasjonen :

Rektor : Marianne Fagerland
Inspektør : Inger-Johanne Størksen
Stedfortreder : Edvar Ånensen
Sekretær : Lise Olsen
Tysdag, torsdag 7.30 – 15.00

Miljøarbeidarar :

Janne Ferkingstad (SFO - leiar)
Ann Helen Stava
Gunn Heidi Gård
Anne Synnøve Bakken
Nathalie J. Dale
Inger Helene B. Pedersen
Kjetil Torsen
Lærling: Marte Eliussen

Reinhaldarar

Anne Berit Georgsen
Astrid Knutsen Andersen

Vaktmeister

Rolf Karl Ferkingstad (tysdag og torsdag)

Trafikk- tryggleik

Barna skal ha eit leikeområde fritt for bilar. Skoleområdet er stengd for bilkøyring
Vi oppmodar alle elevar om å gå eller sykle til skolen.

Hugs hjelm og refleks.

For dei som bringer og hentar elevane med bil:

Av og påstiging i rundkjøring. Kjør fram til kvit strek.

Bruk parkeringsplassen bak skolen om de må sette bilen frå dykk.


Plassane frå rundkjøringa ned mot bedehuset nyttast av personalet.

OVERSIKT OVER TIDA SOM KLASSANE SLUTTAR

Ådland skole 2020– 2021

KLASSE	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
1	13.10	13.10	13.10	13.10	13.10
2	13.10+ Leksehj	13.10	13.10	13.10+ Leksehj	13.10
3	13.10	13.10 + Leksehj	13.10 + Leksehj	13.10+ Leksehj	13.10
4	13.10+ Leksehj	13.10 + Leksehj	13.10+ Leksehj	13.10	13.10
5	14.05	14.05	13.10	14.05	13.10
6	14.05	14.05	13.10	14.05	13.10
7	14.05	14.05	14.05	14.05	13.10

PS . I løpet av skoleåret, kan her komme endringar for nokre dagar. Sjå notis på vekeplan.



VIKTIG Å VITE

- Dette skoleåret er det 125 elevar på Ådland skole, fordelt på 7 klassar
Det er 25 vaksne som arbeider her.
- Elevane får mange fine opplevingar gjennom Kulturskrinet i kommunen. Meir om dette får du greie på gjennom: <http://karmoy.ksys.no>
- **Helsesjukepleiar** :Laura Kloster har kontortid på skolen vår i 1,5 dagar i veka.
Ein kan også ta kontakt med helsestasjonen på Åkra på tlf 52811551
- Ådland skole har ein ambisjon som seier :
” **Læring gjer trivsel – trivsel gjer læring**”
Elevsamtalen er ein del av dette. Kvar kontaktlærer har ein veketime avsett. I elevsamtalen kan ein i tillegg til faglege ting, snakke om korleis eleven har det på skolen.
Eleven sitt læringsmiljø.
Pedagogiske hovudmål for skoleåret 2020-2021 :
- Elevane sitt læringsmiljø
- Undervising etter dei nye læreplanane.
- Lesing er ein viktig grunnleggande dugleik som har hatt, og får, stor merksemd framover.
- **Fråver- permisjonsøknad- feriar**
Læraren kan gi fri enkelttimar og inntil tre dagar. Rektor kan innvilge søknad om inntil 10 skoledagar. Søknad om fri skal gjerast i Visma under «søknad om permisjon». Søknad utover 10 dagar blir ikkje innvilga (jfr.Opplæringslova) I slike høve må barnet skrivast ut frå skolen. Det er ynskjeleg at feriar blir lagt til skoleferiane, då lange avbrekk kan skape faglege hol som nokre barn strevar med å ta att.
I alle høve har foreldra eit ansvar for å sørge for at barnet heng med i pensum.



Lukke til med eit spennande og lærerikt skoleår!

